Sunnfjord kommune

# Møtereferat

## 05.04.19 Administrativ styringsgruppe

| **Møtedato:** | **05.04.2019** | **Møtestad:** | Møterom Haukedalen, Førde rådhus |
|---|---|---|---|

| **Møtt** | **Ikkje møtt** |
|---|---|
| Øyvind Bang-Olsen<br>Stian Jakobsen<br>Marit Solheim<br>Elin Enebakk<br>Øystein Høyvik<br><br>Andre<br>Malin Moldestad<br>Kirstin Bruland<br>Kurt Even Andersen<br>Trond Ueland<br>Jan Birger Moe<br>Grete Marøy Sellevoll (sak 2) | Ole John Østenstad<br>Atle Fasteland<br>Ellen Jensen<br>Lise Mari Haugen<br>Veronika Jamaris Huus<br>Torill Anita Segtnan |

| **Møteleiar**: | **Øystein Høyvik** | **Møtereferent**: | **Øystein Høyvik** |
|---|---|---|---|

| Sak nr. | Sakstittel, omtale og konklusjon | Ansvar | Frist |
|---|---|---|---|
| 1 | **Gjennomgang og godkjenning av referatet frå møte 22.03.19**<br>• Gjennomgått og godkjent | | |
| 2 | **Førde rådhus**<br>• Oppfrisking av notat frå prosjektleiar – og kor hovudpunkta er:<br>○ Gode arbeidsplassar innanfor arbeidsmiljølova sine krav<br>○ Flest mogleg av aktuelle einingar skal få på plass<br>○ Eksterne leigetakarar har kontrakt – og sikrar inntekt<br>○ Gevinstrealisering i administrasjonen over tid<br>○ Blanding av celle-, team- og fleksible teamkontor<br>○ Samarbeid om lokale over einingsskiller<br><br>• Øystein Høyvik orienterte om kva som har skjedd sidan førre møte i admininstrativ styringsgruppe 22. mars 2019 – mellom anna: | | |

- Kontakt med aktuelle einingsleiarar
- Møte ang. lokale til Nav
- Møte ang. lokale til tildelingseininga, PPT, helsestasjonen og barnevernstenesta
- Møte i arbeidsgruppa
- Møte med arkitekt

- Kurt Even Andersen informerte om arbeidet med Nav sine lokale, mellom anna involvering av medbestemmelsesapparatet og partnerskapet stat/kommune

- Kurt Even Andersen informerte om arbeidet med lokale i 3. etasje for tildelingseininga, PPT, barnevernstenesta og helsestasjonen – mellom anna:

  - E-post frå prosjektleiar som utdjupar oppgåva


tir. 02.04.2019 11:22

Ole John Østenstad

Førde rådhus - 3. etasje

Åge Ansgar Stafsnes; Kurt Even Andersen

Øystein Høyvik; Ellen Jensen

Du videresendte denne meldingen 03.04.2019 15:48.

Prinsippa for arbeidet med å etablere Førde rådhus som hovudsete for Sunnfjord kommune er omtalt i følgjande notat. Kort oppsummert seier det
PPT, barnevern, helsestasjonen og tildelingseininga:

- Gode arbeidsplassar innanfor arbeidsmiljølova sine krav
- Flest mogleg av aktuelle einingar skal få på plass
- Eksterne leigetakarar har kontrakt – og sikrar inntekt
- Gevinstrealisering i administrasjonen over tid
- Blanding av celle-, team- og fleksible teamkontor
- Samarbeid mellom einingar
- Meir bruk av teknologiske løysingar.

Når det gjeld arealet i tredje etasje som i dag er disponert av tildelingseininga, barnevern, PPT og helsestasjonen skal ein vurdere arealbruken med r
barnevernstenesta får plass innanfor dagens areal.

I dette arbeidet må ein sjå på bruken av fellesareal som møterom, lager, testrom mv. Vidare må vi sjå på om det er alternative måtar å utnytte kont

Arbeidet skal leiast av kommunalsjefane Kurt Even Andersen og Åge Stafsnes i fellesskap.

Fristar:
05.04.19: Møte i administrativ styringsgruppe: Orientering om målsettingar og milepelar/framdriftsplan
26.04.19: Møte i leiargruppa og administrativ styringsgruppe: Endeleg forslag inkludert kostnadsoverslag skal leggast fram for drøfting og avgjerd.

I arbeidet med å sjå på ulike løysingar kan arkitekt Grete Sellevoll delta, det same gjeld Ellen Jensen og Øystein Høyvik.

Dersom spørsmål ta kontakt

  - Møte 02.04 og 09.04.19
  - HVO Veronica Jamaris Huus deltek i arbeidet

- Gjennomgang av skisser pr. 31.03.19 – og kor hovudkonklusjonen er at ein i hovudsak går vidare med skissene slik dei ligg føre. Øyvind Bang-Olsen sjekkar om Landbruk/miljø og Bygg/eigedomsforvaltning har behov for 1 færre cellekontor kvar. I så fall vil ein kunne vurdere å flytte eining for reinhald og vaskeri opp i 4. et. og Sunnfjord Landbruksteneste til 3. et. – og

| | | | |
|---|---|---|---|
| | kor hovudgevinsten vil vere bere plass både for HTV/HVO og reinhald/vaskeri<br><br>• Vidare arbeid<br>  o Ellen Jensen og Øystein Høyvik går i møte med eksterne leigetakarar for å gjere siste avklaringar<br>  o Kommunalsjefane gjer siste avklaringar med sine einingar – og melder tilbake til Ellen Jensen / Øystein Høyvik<br><br>• Saman med Lindbak (som vi har rammeavtale med) og arkitekt startar arbeidet med å sjå på alternativ måtar å innreie kontor mv.<br><br>• Endeleg vedtak knytt til bruken av Førde rådhus blir gjort av administrativ styringsgruppe 23.04.19 (kan vere behov for noko forlenga frist når det gjeld lokale for Nav, tildelingseininga, PPT, barnevernstenesta og helsestasjonen)<br><br>• Ansvaret for å finne eigna lokale for einingar som ikkje skal vere i kommunehusa ligg hjå kommunalsjefar og aktuelle einingsleiar<br><br>• Samla plan/notat for bruken av kommunehusa skal ferdigstillast innan 14.06.19<br><br>• Oppmodar om at det blir tatt kontakt med SYS-IKT med mål om å få på plass endå større grad av standardisering - vil då kunne oppnå større grad av fleksibel bruk av kontor<br><br>• Oppmodar huseigar å vurdere betre rettleiing i bruken av møteromma for å oppnå meir effektiv bruk av desse | EJ/ØH<br><br>K.sjefar<br><br>EJ<br><br>ØH<br><br>LMH/KAA | 12.04.19<br><br>10.04.19<br><br>14.06.19<br><br>Snarast<br><br>Hausten 2019 |
| 3 | Diverse frå personalområdet v/ Jan Birger Moe<br>• Innleiing / drøfting i høve:<br>  o Lønsplassering assisterande einingsleiar<br>  o Lønsplassering for tilsette med særskilde oppgåver<br>  o Innplassering i rett stillingskode<br>  o Organisering av tillitsvaltordninga og vernetenesta<br>  o Oppdragstakarar<br>  o Opplæringsbehov<br>  o Særavtalar og særskilte lønsordningar – frist for tilbakemelding 01.05.19 | K.sjefar | 01.05.19 |
| 4 | **Vakansar**<br>• I samband med at det er vakanse i tildelingskontoret for helse/omsorg (Førde og Naustdal) vil ein lyse ut ei 100%-stilling kor 80% er fast og resten er vikariat.  Kommunane må skaffe finansiering for stillinga i 2019 | Rådmenn | |
| 5 | **Eventuelt**<br>• Ingen saker | | |

*Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.*